

## Spørsmål til samferdsledirektøren - Utval for samferdsle og mobilitet

Beffen feira tidlegare i år 125-års jubileum og varsla like etter at det ikkje er økonomisk grunnlag for heilårsdrift

(<https://www.ba.no/beffen/vagen/sjo/i-dag-fyller-beffen-125-ar/s/5-8-1101819>)  
<https://www.ba.no/beffen/bergen/nyhet/beffen-legger-ned-vinterdriften-det-koster-dessverre-mer-enn-det-smaker/s/5-8-1106855>

Det bør vere eit mål for havfylket Vestland at ein større del av transporten går til sjøs. Då er det eit stort steg i feil retning om Beffen legg ned heilårsdrift. Beffen er ein institusjon i bybiletet i Bergen, og ein tradisjon hamnebyen Bergen ikkje har råd til å miste. Beffen utgjer er ei viktig forlenging av bussane og på sikt Bybanen på Bryggen og knyter Nordnes til kollektivnettet.

Bergen kommune har vore i kontakt med reiarlaga bak Beffen-båtane for å undersøkje korleis kommunen kan bidra til å sikre vidare drift. Kommunen meiner det er fylket som må stå bak vidare initiativ. I komité for finans, kultur og næring 28.08.19 svarte Byråden følgjande på spørsmål om heilårsdrift av Beffen:

«Byråden meiner det kunne ha vore interessant å få utgreidd kva muligheter som finst for å eventuelt implementere ei tradisjonell rute som dette inn i det ordinære ruteopplegget til fylkeskommunen.»

«Saka har prioritet, men løysingane er det i fyrste rekke båteigarane og samferdslemyndighetene som rår over.»

- Har fylkeskommunen vore i kontakt med Beffen AS for å undersøkje korleis ein kan sikre vidare heilårsdrift av Beffen?
- Kva vert dei økonomiske konsekvensane av å leggje Beffeninn i skyss-systemet?

Marthe Hammer (SV)

Sendt fra min iPad